

KIRKEBLAD

FOR

DAVIK

Nr. 80	Utkommer hver måned	Mai 1937	Utgiver og redaktør: Sogneprest Slaattelid Davik	8. årg.
--------	---------------------	----------	--	---------

Pinse.

Det suser i treernes kroner,
det lyser i løvsalen grønt.
Guds menighets pinsesang toner
omkapp med småfuglene skjønt.

Der er dog en ånd som kan dale
fra himlen i hjertene enn,
der er dog en røst som kan tale
som Peters til angrende menn.

Der er dog en ånd som kan føde
til livet og lykken igjen,
Hans ånd som i kjærlighet døde,
men lever i kjærlighet enn.

Der er dog en dåp som kan tvette
og legge Guds menighet til,
der er dog et bord som kan mette
hvert hungrende hjerte som vil.

Ja, Gud skje lov, ennu ved pinse
»fra himlen der høres en lyd«;
hvad under at øinene glinse
som birkenes blade av fryd.

Jonas Dahl.

Målsmannen.

(Av ei pinsepreike av Luther).

Dette namnet, *Målsmannen* eller *Talsmannen*, er eit namn med ei stor trøyst i seg. For målsmann vil seia: ein som hjelper den som er klagd på, verjer han, tenar han med råd og dåd, formanar, gjev mod, styrkjer og trøystar han, når det trengst. Dette, seier Kristus, skal den Heilage Ande gjera, når eg er faren burt frå dykk, og de ikkje har nokor trøyst eller hjelp i verda, og alle er imot dykk, og Djevelen med si giftige spot-tartunge sender ut dei verste gysjer um dykk, so de vert skulda og utskrikne for all verda for å vera forførarar og opprørarar, ja når til dykkar eige samvit, dykkar eige hjarta, plagar dykk og skræmer dykk med otte for

Guds vrede, med sorgfulle og tunge tankar um kor vesale og uverdige de er, so de reint måtte missa modet dersom de ikkje fekk trøyst og styrking. Dykkar fiende heiter Djevelen, d. v. s. baktalaren, han som klagar på mine truande dag og natt hjå Gud (Openb. 12, 10), men mot denne klagaren vil eg i min stad senda dykk den Heilage Ande til hjelp og vern. Han skal tala dykkar sak hjå Gud; han skal forsikra dykk um Guds nåde og kjærleik, so de ikkje skal gjeva dykk over under trengslene. — Dette er velsigna og trøysterike ord um den Heilage Ande. Og med denne trøyst skal koma eit uredd mod og hjarta som trassar Djevelen og verda og med glede lid og sigrar over alt som ein kristen skal lida.

Vidare kallar Kristus den Heilage Ande for *Sannings-anden*. Det er og til oppkveikjing for dei som trur på evangeliet. Dei skal vita kor den er sann og pålitande, den trøyst som dei høyrer i Guds ord, utan lygn og svik, so at det glade mod som lit og byggjer på den, aldri gjev upp, men står fast og urikkeleg mot alle stormar og redsler frå verda, mot alle helheims portar. For det er ikkje bygt på noko uvisst og umskiftelegt, men på Kristi ord og Guds ævelege sanning. Ogso dette namnet ber den Heilage Ande i motsetning til Djevelen. For han er *lygna sin ande*, som forfører og tyner menneskehjarto med *falsk* redsle og *falsk* trøyst. For på den eine sida fyller han dei som høyrer han til, d. v. s. dei vantrue, ubotferdige, sjølvtrygge og skamlause hjarto med ei søt trøyst so dei slær seg til ro i sine eigne innbillingar. Og på den andre sida plagar og skræmer han dei oppvekne og sorgfulle samvit med sine glødande piler so dei ikkje kan få nokor von til Gud og venta noko godt frå han. Soleis vil Djevelen

med sine lygner føra dei til øydeleggjing og æveleg død, dei fyrste med falsk trøyst og tryggleik, dei andre med plage og uro. Difor må ein rett kjenna den Heilage Ande og vita, at det er hans gjerning ved forkynning av evangeliet grundig å trøysta dei ottefulle, såre hjarto som ser si synd og er hardt skremde av den vonde. Desse byd han å vera trøystuge og frimodige og å lita fast på den nåde som Gud har lova oss i Kristus og på at han vil halda dei uppe i denne sanninga, so dei får kjenna og røyna i si inderste sjel, at all onnor lære og trøyst er utan grunn eller sanning, men berre er lygn og svik som Djevelen vil myrda sjelene med. Difor let dei seg ikkje lokka eller riva burt frå denne trøyst ved nokor redsle eller truging eller lidning på jorda.

Men denne trøyst frå den Heilage Ande er slik at dei kristne ikkje alltid *kjenner* den, men ofte i sin vesaldom finn det onnorleis. For Djevelen freistar dei, innvertes og utvertes, so dei mangein gong ikkje er i stand til å ha den rette tillit til Gud. Men her skal den kristne ikkje døma etter sine eigne tankar og kjensler, men vita, at han mot freistinga og vesaldomen skal halda seg til det ord og den trøyst som den Heilage Ande forkynner for alle sorgfulle hjarto og samvit. »Han har sendt meg til å bera ut fagnadbod åt fatige, til å lækja dei som har eit sunderknust hjarta.«

Bønn.

Herre Gud, vi beder dig at Trøsteren, den Helligånd som utgår fra dig, må opplyse våre hjerter og føre oss inn i sannheten slik som din kjære sønn har lovet, han som med dig lever og regjerer, en sann Gud, fra evighet og til evighet. Amen.



Våre døde.

23. mars: Martinus Olsson Bugjerde; g. karmann; f. 1855 i Årdal; alderdom.
6. april: Anders Olsson Nyby, Davik; g. karmann; f. 1857 i Årvik, Gloppen; alderdom.
8. april: Emma Severinsdtr. Bakke, kona til Anders S. Bakke, Davik; f. 1906 i Borgundvåg, Selje; astma.
21. juni 1936: Karianna Sørensdtr. Elde, kona åt Karl K. Elde; f. 1900 på Lofnes; kreft.

Herren er den som tek liv og gjev liv. I. Sam. 2, 6.

Vår.

Vår! Ordet rømer so uendeleg mykje av fargar og tonar, av song og glede, av gåtefull lengt, av frigjering og vaknande liv. vinteren har slikt lag til å hindra og halda nede alt liv. Jordi klakar, snøen legg seg, og alle livsovringer ute i den store naturi må gjeva seg yver. Dei vert trollbundne. Men under snødekket ligg livet og ventar på utløising, frigjering.

So stig då vårsoli litt um senn yver alle fjell, og dei vidunderlege strålane gjer um inkje tele og snø og alle trolske krefter. Frigjeringsstundi er inne — våren er komen.

Og livet det vinn siger,
stig atter nyfødt upp.

Me kjenner ei duld glede ved å uppleva dette underet på nytt. Og hjå mange fyllest hjarta av lov og takk til Gud for hans nåde og kjærleik mot vårt folk og land. Me tenkjer t. d. på at når no ploegen smuldrar den norske jord og bonden sår ut »sitt skinnande sæde« under fuglesong og i sælaste vårstemning, so er det kulor og bombor som pløgjer jordi i dei krigsherja land, og granatsplintar og flisar av øyde heimar er sædet som der vert sådd. Kanondunder og mitraljoseknitring blanda med skrik og jammer er vår song.

Me let tankane gå attende til verdskrigen. Fire vårar rann. Men i mange land var all vårstemning burte. Under alt vårens liv var det millionar som sukka etter utløising, frigjering frå krigens forbanning. Branden nådde ikkje til vårt fagre Norig. Her var det vår. Når ein soleis tenkjer på alt me har vorte spara for, kan me vel segja med Vinje: »Meire me fekk enn me hadde fortent.«

Kva er orsaki til slike ulukkor som råkar millionar? Nett den same som skapar lidning og sorg i ein einskild heim eller i den vesle verd som heiter eit menneskehjarta. Det er *syndi*. — Ho er sers dugande til å leggja vinterkulde og myrker yver mannalivet. Og der ho fær herja og driva sin misjon, der vert det klaka hjarto og frosne hugar, som ikkje tek det so tungt um dei er orsak til sorg og kvide, til lidning og jammer.

Men kor vonlaust det tidt ser ut, so er isen aldri so tjukk at han ikkje kan tina, og

kulden aldri so hard at ikkje soli kan verma. — Det er fortalt um ein sjømann som hadde rømt frå kone og born — med ein eid hadde han fare frå deim. Han for vide og førde eit villt liv, i drykk og slagsmål, dans og svir. 17 år gjekk det soleis. So hende det at han kom saman med ein matros som tente Herren og var fylt av hans kjærleik, og når matrosen tona på ein gamal, kjend salmelodi, vakna minni heimanfrå hjå denne syndetrælen. Med hjelp frå kameraten vart han etterkvart førd ut or vintermyrkret. Vår-soli steig, hjarteisen tina, den frosne harde hugen vart etterkvart varm og god, og då han nokre vikor seinare vart slegen av ein brotsjø mot masti og måtte døy, kunde han segja: »Jesus er død for meg. Mi syndebyrd er borte. No vil eg gjerne døy. *Eg har brasa rundt.* Himlen er mitt mål.« — Det var den vermande kjærleik frå Jesus, livsens sol, han som døyddde for oss alle, som skapa vår i hjarta haas.

Flyktig er våren, den fagre norske vår. Sjelevåren er meir varig. Hev du ikkje opplevt den, lyt nådens sol få skina inn yver ditt liv, inn i dei inste sjeledjupner. Då vil du ikkje midt i all den herlegdom Gud syner oss i naturens store rike, styra dine steg mot tjon og fortaping. Du gjer som sjømannen, *brasar rundt.* Himmelen vert målet, der det er æveleg vår.

O. H.

Notisar.

Døypte: 21. mars Anne Lise, f. 18. des. av f. Sigurd Rasmussen Maurstad og k. Marie Martinsdr. (f. Paulson). — 26. mars Svein Gunnar, f. 19. des. av f. August Sivertsson Strand og k. Ragnhild Endresdr. (f. Olsbø). — S. d. Marta Signe, f. 23. okt. av f. Alfred Andreasson Myrvang, Berle, og k. Amanda Haldorsdr. (f. Stavø). S. d. Ingrid Bjørg, f. 9. des. av f. Bernt Rasmussen Rylandsholm, Hennøy, og k. Ingeborg Jespersdr. (f. Hennøy). — S. d. Reidunn Solveig, f. 16. jan. av f. Johan Eliasson Kvanne, Falkevik, og k. Johanna Didriksdr. (f. Verpeide). — S. d. Solfrid Bjørg, f. 3. jan. av f. Jon Jonsson Stokke, Hennøy, og k. Oline Kristoffersdr. (f. Hennøy). — 28. mars Anna Pernille, f. 15. des. av f. Ole Pedersson Lefdalsnes og k. Jenny Olsdr. (f. Manset). — 11. april Jon Kristian, f. 9. mars av f. Olav Kristiansson Moldestad, Rinstad, og k. Petra Iversdr. (f. Rinstad).

Ofringar. 26. mars i Totland til heidningmisjonen kr. 35.16. — 26. mars i Rugsund til heidningmisjonen 42.16. — 28. mars i Davik til Menighetsfakultetet 89.55. — 29. mars i Aalfot til heidningmisjonen 23.30.

Basarar: Levdal i januar til sjukepleien kr. 106.35. Levdal 30. mars til sjømannsmisjonen 102. — Davik 30. mars til sjømannsmisjonen og blindesaka 133.89. — Kjølisdal 30. mars 200.98 brutto, delt millom Kinamisjonen og umstreifarmisjonen. — Kjølisdal 2. febr. til indre sjømannsmisjon 100 (heri medrekna bøssepengar). — Hennøy til sjømannsmisjonen 80.

Til naudlidande i Finnmark er i Davik innsamla kr. 48.60, sendt Indremisjonsselskapet, Oslo, 27. februar.

Davik og Dombestein misjonsforeiningar. Innkome i 1936: Frå Noe Dommesten til kyrkje på Midongy 40 kr. — Dombestein misjonsforeining 82.55. — Davik misjonsforeining 469.94. — Offer i Davik 252.24. — Tils. 848.99. — Til Santalmisjonen og til Israelmisjonen er sendt 25 kr. til kvar.

Til gamleheimen er innkome: Frå Oldeide krins 29. mars kr. 86.75. — Frå Tytingvåg 4. april 91.00.

For 100 år sidan. Død 18. mai 1837 Niels Andersen Hongs, kårman, 82 år — 29. mai Anders Jørgensen Miaanæs, gardmann, 78 år.

Gudstenester:

Treenings sund., 23. mai: Aalfot.
1. sund. etter treein., 30. mai: Totland.
2. sund. etter treein., 6. juni: Davik.
3. sund. etter treein., 13. juni: Rugsund.
4. sund. etter treein., 20. juni: Aalfot

Kvittering for kontingent: Anders Endal, Marie Huuskår, Rasmus Ytrehaug, Jørgen Berle, kyrkjesongar Bruland 3 kr. — Rakel J. Solheim, Oline A. Isene, Harald Bruland, Ole A. Torheim, Johan Kvanne, Harald Heggedal, Elisabeth M. Dombestein, Marie Haugen, Henrik Daviknes, Marie Nymo, Alfred Furnes, Peder Otteren, Ane Bøen 2 kr. — Elias Ytrehaug, Jens Øvrebø 1.50. — Marie Aarhus, Synneve Myrvang 1. — Matias Rinstad, H. Skår 5. — Ole A. Isene, Kristian Daviknes, Johanne Midtbø 2.50. — Tils. kr. 63.50.


Hjarteleg takk til alle

Claus Frimann.

(Tale av **Olaf Hanssen** ved avdukinga av bautasteinen på Frimannslund 5. juli 1936).

(Framhald).

Diktaren Welhaven var ein av dei som sette Frimann høgt som diktar og menneskje. I 1851 kosta han ut eit utval av dikti hans, og i fyreordet skreiv Welhaven m. a.: »Claus Frimann var uten tvil den ypperste dikterånd blandt alle de norske sangere fra



Lunden med Frimannsbautæen.

den siste halvdel av forrige århundrede. — Skjønt hans samtid ikke satte ham så høit, hørte han dog av og til ute fra verden en hedrende gjenlyd av sitt navn, mens han til- like i sin snevre krets stod i akt og berøm- melse hos alle.«

Den 20. oktober 1829 vart Frimann grav- lagt her på Davik kyrkjegard, og presten W. C. Magelssen tala ved jordeferdi. Tala er gripande. Han sa m. a.: »Norden lyttede til din stemme. Sørgende skal det modtage budskabet om at den haand er kold som saa lykkeligen og saa længe løkkede søde toner af den harpe der hørte evigheden til. Denne harpe skal vorde Norden dyrebar, den skal vorde bekranset, den skal opbevares af det folk som du tilhørte, som en helligdom i taknemmelighedens skjønne og grundsterke tempel.«

Og me vil festa oss ved nokre ord av Frimanns-biografen J. Utheim. Dei er frå 1890: »Det er en vakker lodd, et rikt ar- beide, å ha spredt glede, trøst og skjøn- hets- fylde blandt den slekt man selv tilhører.

Dette evnet Frimann i rik mon, og hans ros skal være dess større, fordi han strødde sine gaver ut blandt dem i vårt land mot hvem få den gang vendte sine øine og tanker. Han har tatt plass i vår litteraturhistorie ved siden av Peter Dass som den folkelige dik- ter, almuens sanger.«

Dette er minneord av menn som torer stå ved sitt verd.

Smilande Davik! Eg vil atter citera Wel- haven: »Min lengste tid tilbragte jeg med Frimann i en aspelund ved prestegården, hvor han hadde sitt yndlingssete. I min er- indring ser jeg ham helst vandre på de smukke skrenter der omgav hans bolig, og hvor en lys og munter vekst av frodige løv- trær og blomstrende buske omskygget hans vei.« — I dei femti år Frimann budde her, vaks det ikkje berre åndelegt efter honom. Her ute i Guds frie natur reiste han seg minnesmerke. Yver oss her i furulunden, planta av Frimann, suser det sagte den logne kvelden. Ja, me kan segja at her sviv Fri- manns ande millom greinene. Burtetter ve- gen stend den vakre allé som Frimann fekk planta, og når me tek ordet »det smilande Davik« i vår munn, so er det inkje minst Frimanns hand som hev pryda bygdí her.

Ein sundag for 110 år siden hende det noko vakkert på Frimannslund. Gamle Fri- mann vart vitja av nokre unge bondegjentor. Dei steig inn klædde i sine vakraste helge- dagsbunader og flidde honom ein krans av nysprotné bjørkegreiner. Inn imillom var fletta ville markblomar. Me kan tenkja oss at Frimann vart glad yver denne hyllingi. Bjørkegreiner, markfiolar og symreblom, var det noko stas då? Nei, kanskje ikkje. Det er som ein ser det. Men det som gjorde det so stort at den vesle hendingi endå liver, det var det *einfelde*, det *ekte* ved det. Desse unge bondegjentone er gjengne i grav for mange år sidan, kviler kanskje der burte på kyrkjegarden. Men her liver nok ætt etter dei. Kanskje ein eldre son eller dotter stend her i flokken idag. Eller kanskje stend barnebarnet her og høyrer at minnet um bestemor endå liver. For alt som er ekte og einfeldt, det liver lengst i alle livsens høve.

(Framhald i neste nr.)